# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Dagrun Gunnarson | FE-410 | 21/467 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 090/21 | Formannskapet | PS | 20.10.2021 |
| 074/21 | Kommunestyret | PS | 28.10.2021 |

**Eventuell rekrutteringsprosess**
**Tilsetjingsutval og mandat**

**Saksutgreiing:**
**Saksopplysningar**
Rådmannen har i e-post orientert kommunestyret om at han har søkt stilling i anna kommune. Om han vert innstilt til denne stillinga, og tar i mot tilbodet, bør formannskapet ha fått naudsynte fullmakter til å setje i gong ein rekrutteringsprosess så snart som mogleg.

Sist gong dette var aktuelt (K-sak 046/18), gjorde kommunestyret følgjande vedtak:

*Kommunestyret vedtek at det vert sett ned ei arbeidsgruppe frå formannskapet samt ein representant frå dei uavhengige og to frå dei tillisvalde til å styre prosessen fram til tilsetjing av ny rådmann i Fedje kommune. Gruppa skal i kommunestyremøte 25.september 2018 leggja fram ein plan for framdrift i saka. Det fell naturleg at ordføraren vert leiar for gruppa. Vedtaket vart vedteke mot Ap sine tre røyster.*

Det er kommunestyret som eventuelt konstituerer nokon til rådmann, om det vert behov for i ein overgangsperiode. Det vil i så fall vere ein eigen sak.

**Forslag til vedtak:**
Ingen framlegg til vedtak.

**<u>Formannskapet - 090/21</u>**

**F - behandling:**

**F - vedtak:**
Det vert sett ned ei arbeidsgruppe frå formannskapet samt to tillitsvalde til å styre ein eventuell prosess fram til tilsetjing av ny rådmann i Fedje kommune. Gruppa skal i kommunestyremøte snarast mogleg leggja fram ein plan for framdrift i saka. Det fell naturleg at ordføraren vert leiar for gruppa.

Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret - 074/21**

**K - behandling:**

**K - vedtak:**
Det vert sett ned ei arbeidsgruppe frå formannskapet samt to tillitsvalde til å styre ein eventuell prosess fram til tilsetjing av ny rådmann i Fedje kommune. Gruppa skal i kommunestyremøte snarast mogleg leggja fram ein plan for framdrift i saka. Det fell naturleg at ordføraren vert leiar for gruppa.

Samrøystes vedteke.